



Jomar Ragnhildstveit

Referanser:

Dykkar:

Vår: 21/3534 - 21/60636

Saksbehandlar:

Mikkel Bengtsson

mikkel.bengtsson@alver.kommune.no

Dato:

14.09.2021

Invitasjon til forhands innspel ifb. Revidering av forskrift om jakt- og fangsttider- ref. 2021/4006-6.

Vi viser til brev frå Vestland fylkeskommune datert 18.06.2021 der ein ber om kommunanes innspel, forut for fylkeskommunens samanstilling, til høyringen på revisjonen av forskrifta for jakt- og fangsttider.

Alver kommune har følgande innspel til forskrifta med omsyn til jakttid på hjort:

Alver kommune foreslår å framskynda jakt på kalv-kolle-fjorkolle på innmarks areala med start 1. August.

Den framskynda jakt er knytt til reduksjons- og demografisk forbetrande avskytings prosjekt med økt uttak av hodyr og kalv, og er avgrensa til innmark med omsyn til konflikt med friluftssinteresser og utøvest utan bruk av laushund.

Alver kommune er i same situasjon som mange andre kommunar på Vestlandet med skeiv alders- og kjønnsstruktur og redusert slaktvekt i hjortebestanden. Alver kommune har 09.06.2021 politisk vedteke ei ny målsetting for forvaltning av hjort. Uttaket av hjort skal leggja til rette for naturleg aldersstruktur og einsarta kjønnsamansetting i bestanden. Vidare skal det sikrast at bestandsstorleiken ikkje fører til vesentlege beiteskadar på skogsareal samt gras- og beiteområder. Det er ein politisk bestilling at administrasjonen skal iverksette ekstraordinære kortsiktige tiltak som kan bringa bestanden ned til eit meir normalt nivå raskt, før ein igjen går over i normal avskyting. Administrasjonen i Alver kommune har derfor iverksett eit reduksjons- og demografisk forbetrande avskytings prosjekt av hjort med start sesong 2021. Fordelinga i totaluttaket av hjort er i sesong 2021 planlagt til hanndyr/hodyr/kalv: 20/40/40. I områda med omfattande skada av hjort på jordbruksarealet er fordelinga hanndyr/hodyr/kalv: 10/45/45. Det heva uttaket av kalv er grunnsteinen til ein dyreetisk korrekt reduksjon av produserande hodyr og kvalitetssikring av bestanden frå grunnen av.

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug

post@alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

www.alver.kommune.no

Organisasjonsnummer: 920 290 922

Ein berekraftig reduksjon og forbetring av kjønnsamansettinga i bestanden av hjort vil krevja redusering av produksjonsapparatet internt i bestanden. Dette oppnåes ved omtalte endringar av uttaket med eit auka uttak av koller, fjorkoller og kalv samt redusert uttak av hanndyr i bestandsreduksjonsperioden. Utvilsamt er den største utfordringa ved forvaltning av hjort å ta ut den nødvendige mengde koller i produksjonen dyreetisk korrekt. Den dyrevelferdsmessig korrekte uttak av vaksne produksjonsdyr er markant vanskelegare ved hjort enn ved andre hjortevilt artar grunna den tette og lange avhengigheits perioden mellom kolle/kalv og kolle/ fjorkolle/ ungvolle. Bortskyting av kolla frå kalven er for individet ein katastrofe då kalven vert støtt vekk frå flokken og vekst og helsetilstand reduserast markant. For bestanden er det problematisk då individet seinare vil inngå i bestand som eit kvalitetsmessig dårleg produksjonsdyr samt at mordyrets erfaring omkring gunstige før- og dagsleia områder ikkje blir vidareført til kalven.

Alver kommune vurderer at ein dyrevelferdsmessig korrekt utførelse av auka uttak av produksjonsdyr og kalv er jakt i august med samtidig uttak av (kalv-kolle) eller (kalv-kolle- fjorkolle). Uttak av kalv-kolle eller hele familieflokken (kalv-kolle-fjorkolle) er nøkkelen til berekraftig suksess da dette systemet reduserer risikoen for at kolla skytes frå kalven. Kalven skal alltid skytast først. På denne årstida ferdast hjorten meir i små familiegrupper og det gjer det enklare å vurdere kva hodyr som har med kalv og kven som ikkje har det. Ved august jakt utnyttast den tette bindinga mellom mordyr og kalv, som er sterkast om sommaren. Dette gir moglegheit for å ta ut mordyret direkte etter kalven er skote fordi kolla ofte blir ståande tilbake på skotstaden eller kjem attende for å søkja etter kalven.

Av andre fordelar ved august jakt på kalv og hodyr slik Alver kommune vurderer det er:

- Det påkravde auka uttak av vaksne hodyr i prosjektperioden vil i ordinær jakttid auka tall tilfelle den enkelte hjorteflokk vert skote på og uroa og uttak der heile hjorteflokken er vitner. Hjorten er veldig sensibel for uroing og eit intensivert jakttrykk igjennom reduksjonsfasen kan gjera viltet mindre synleg og dermed redusera uttaket. Med bakgrunn i dette vil ei jakttid i den periode der flokkstrukturen hos hjort er meir laus bety eit uttak som ikkje etterlet så mange vitner i hjorteflokken, i motsetning til seinare i sesongen.
- Tidlegare jaktstart vil gje dei hjortevald som hovudsakleg fungerer som sommar revir for hjort auka sjanse for uttak før hjortetrekket startar.
- Ved tidleg høgt uttak av kalv frå store hodyrs flokkar på gras- og beiteområder i august oppnåes optimal skremmeeffekt av flokken og samtidig klargjerast den enkelte hodyrs flokk til avskyting seinare i sesongen då fleire kalvar er skote bort.
- Jakt i august skjer på ei årstid der hjorten utviser stor aktivitet ved mange før søkningsperioder igjennom døgnet og der daglengda og vær tilgodeser høy jaktaktivitet hos jegerane.
- I situasjonar der det ikkje lykkast å ta ut både kalv og mordyr vert risikoen redusert for å skyta eit mordyr frå kalven sin seinare på sesongen.
- Tidleg uttak av dårleg kondisjonert kalv som følge av paring i 2. eller 3. egglysing vil gjeve kolla betre overvintring da kolla ikkje skal bruke energi på å føre kalven igjennom vinteren. Det vil gje kolla moglegheit for kjapt å få god kondisjon og klargjere kolla til å produsere ein kalv av betre kvalitet det kommande år. August jakt aukar moglegheita for å ta ut både dårleg kondisjonert kalv og eventuelt dårleg kondisjonerte produksjonsdyr samtidig.
- Vom rytmen hos hjorten i august gjer det likeins mogleg for kolla å innhente auka energiforbruk årsaka av forlenga jakt trykk. Alver kommune vurderer januar jakt som meir belastande for hjorten då vom aktiviteten er redusert og det tærer direkte på livs nødvendige fett reservar ved økt forstyrning igjennom jakt.
- Den selektive avskyting er kvalitets messig betre i august då det er enklare å vurdere kondisjon og alder på individet fordi dei har sumarpels og lystilhøva er betre.

Effektiviteten og viktigheita ved jakt i august på kalv-kolle-fjorkolle er dokumentert av Dr. Andreas Kinsler frå Deutsche Wildtier Stiftung, med reduksjons avskytings prosjekt av hjort i Gut Klepelshagen, Schöttl og Schluchsee som eksempler. Gut Klepelshagen har oppnådd at 70% av deira årlege avskytings plan er gjennomført før slutten av september.

Med helsing
Alver kommune, Landbruk

Mikkel Bengtsson
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Jomar Ragnhildstveit